



Folketoget passerer brua i fjor - med Eiklandet som mål. I år går det om Kleivadalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Programmet for 17. mai i Uskedalen er naturleg nok tradisjonelt og har ikkje nokon store overraskingar.

Dette året går folketoget om Kleivadalen til skuleplassen.

Feiringa startar med salutten klokka 7 og gudstenesta ved sokneprest Sven Harald Nilsen tar til klokka 11.15. 'Røyserett for alle' syng i kyrkja også i år.

12.15 er det kransenedleggjing ved bautaen ved 5. klasse, som også les det tradisjonelle diktet. Skulemusikken spelar.

Folketoget forlet bautasteinen klokka 12.30.

13.15 startar leikar og tevlingar ved skulen der det også er sal av mat og drikke.

Samlingstoget til Stemneplassen går klokka 15.

Det tradisjonelle festprogrammet på Stemneplassen inneheld i år mellom anna minneord ved Audun Eik, song ved 'Røyserett for alle', musikk ved skulemusikken og tale for dagen ved Tor Jarle Kjærland..

Festen i bedehuset tar til klokka 19.30.